



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 1483 Vika

0116 OSLO

Deres ref:  
24/01186

Vår ref:  
2024/16485-2  
Torill Skillingsaas Nygård

Dato:  
14.06.2024

## Riksantikvarens håndverksstrategi - Utsendelse av høring

*Vi er lei for at vår uttale kjem lenge etter frist, noko som har bakgrunn i ein feil i sakshandsamarsystemet. Håpar likevel dei finn nytte i våre innspel.*

Riksantikvaren har med dette sett i gang eit svært viktig arbeid. Utover det generelt store behovet for handverkarar til arbeid på freda og verneverdig busetnad, ser vi ein generelt aukande interesse for restaurering og istandsetjing av eksisterande bygg, noko som fleire har vist er gunstig med tanke på klimagassutslepp frå byggjesektoren. I tillegg vil etablering av fond for restaurering av kyrkjebygga i landet bidra til eit betrakteleg auka behov for tradisjonshandverkarar med kompetanse på inventar og bygg.

Hovudintrykket av strategien er god, og vi håpar at den fylgjast opp med ein handlingsplan som både er konkret og ambisiøs. Vi veit at dette er krevjande all den tid Riksantikvaren sjølv i mange tilfelle ikkje sitt med eige verkemiddel, og sidan mange av punkta i strategien har eit hovudansvar hos andre sektorar og myndigheiter kan delar av strategien verke meir som Riksantikvarens ynskjer om vidare utvikling enn strategiar for korleis ein skal jobbe.

Fylkeskommunen har både ei rolle som styresmakt og som samfunnsutviklar innan kulturmiljøforvaltninga. På enkelte område gjer det breie samfunnsansvaret vårt oss i stand til å kunne spele ei sentral rolle i eit vidare arbeid med å auke volumet på tilgjengelege handverkarar. Vi ynskjer å stille oss til rådighet som samarbeidspart og for utprøving av pilotar og satsingar der det er behov.

I Innlandet fylkeskommune har vi i fleire år engasjert oss for å rigge eit system som skal gjera det mogleg for eigarar å teke vare på freda og verneverdige bygningar. Dette systemet, som rettek seg mot råfdgjeving, næring og utdanning er kjend som «Innlandsmodellen i bygningsvern, som ein kan lese meir om her:

<https://innlandetfylke.no/tjenester/kulturarv/bygg-anlegg-og-fartoy/innlandsmodellen-i-bygningsvern/>

Musea i Innlandet har ein sentral rolle i denne modellen, i dag særleg knytt til at dei husar bygningsvernrådgjevarane, ei ordning som er eit spleiselag mellom kommunar, fylkeskommunen og musea. Denne ordninga trur vi kan vere interessant å vurdere ei utviding av for å møte behovet som vil kome som ein følgje av kyrkjeløftet.

---

**Postadresse:**  
Postboks 4404  
Bedriftssenteret  
2325 Hamar

**Besøksadresse:**  
Innlandet fylkeskommune  
Parkgata 64  
Hamar

**Telefon:** +47 62 00 08 80  
**E-post:** post@innlandetfylke.no  
**Internett:** www.innlandetfylke.no  
**Org.nr.:** 920717152

I tillegg har fylkeskommunen lenge jobba med å byggje kompetanse i samarbeid med NTNU om læringsarenaer og desentralisert bachelorutdanning, i tillegg til eit viktig samarbeid med fagskulen i Innlandet. Vi ser no at behovet for eit løft er så stort at vi må samarbeide tettare med alle relevante miljø for å auke volumet på tilgjengeleg kompetanse. Vi jobbar tett med å vidareutvikle modell og tilbod saman med både vidaregåande skule, fagskulen, NTNU, musea og andre aktørar. Musea er, med si desentraliserte plassering, eksisterande kompetansemiljø og viktige rolle både i lokalsamfunna og i Innlandsmodellen, ein naturleg aktør å sjå til i ei vidare satsing på feltet.

I det følgjande vil vi kommentere dei enkelte kapitla i strategien:

### *Innleiing*

I fyrste avsnitt av innleiinga settast den overordna målsetjinga i strategien om å sikre tilgang på handverkarar med relevant kompetanse i samanheng med sirkulærøkonomi og reduksjon av klimagassutslepp. Det er viktig og relevant å synleggjere dei gunstige effektane bygningsvern har for klima og miljø, men slik det er sett saman her i innleiinga i strategien, verker det som om Riksantikvaren meiner dette er ein av hovudmålsetjingane med å auke tilgangen på handverkarar. Om ein skal trekkje fram gevinstane ved å ha tilgang på handverkarar, må dette kome saman med ein rekke andre gode effektar, ikkje minst at vi få teke vare på bygningsarven vår. Eit mål som burde kunne stå på eigne bein sjølv om samfunnsnyttan er viktig å synleggjere.

Vidare i innleiinga visast det til ei konkret bestilling i stortingsmeldinga om å vidareføre og utvikle etter- og vidareutdanninga for handverkarar innan restaurering av bygningar og fartøy. Bestillinga er veldig konkret, men vi kan likevel ikkje sjå at dette er følgt opp med strategiar som svarar heilt på akkurat dette med etter- og vidareutdanning. Det er synd, då dette er svært viktig. Særleg med tanke på behovet for å styrkje kapasiteten i eit langsiktig perspektiv, og kor viktig livslang læring er for rekruttering.

Det aukande behovet for handverkarar, mellom anna som følgje av kyrkjeløftet og ein aukande ROT-marknad gjer store moglegheiter. Styrking av kompetansen til eit større fleirtal av eksisterande handverkarar, eigarar og frivillige kan auke kapasiteten, men er òg eit viktig ledd i å sikre eigarskap, engasjement og forankring. Det er store gevinstar å hente i å involvere frivillige enda meir i kulturmiljøarbeidet. Men, det må gjerast med god vegleiing og i eit system som sikrar kvalitet. Det er viktig at ein i iveren etter å sleppe fleire til ikkje senkar forventningane til kvalitet på arbeid på freda hus. Om verdiane som ligg i desse anlegga skal vere med oss vidare må krava som settast til arbeid på vår viktigaste kulturarv vere tydeleg.

Når det gjeld kunnskapsutveking har Innlandet fylkeskommune gode erfaringar med å fungera som ein fasilitator for at utdanningsinstitusjonar kan ha desentraliserte undervisningsopplegg med læringsarenaer i regionane. Gjennom innføringa av ny forskrift for tilskotsordningane fall Riksantikvaren si medfinansiering i dette systemet bort. Dette er alvorleg for etablerte tilbod, og er noko vi gjentekne gonger har diskutert med Riksantikvaren utan å finne ei løysing. Tilskotsordningane er ein av få verkemiddel Riksantikvaren sjølv rår over, og vi vil på nytt oppmode til at ein vurderer nytteverdien av å styre tilskota mot større, formaliserte utdanningsløp og kompetanseløft framfor kortvarige kurs knytt til kvart enkelt anlegg.

### *Satsing 1: Handvervkskompetansen og -kapasiteten skal styrkast*

For å lukkast med dette er det vesentleg med ei forplikting frå universitetssektoren, fagskulesektoren og vidaregåande skule. Erfaringa vår er at fylkeskommunen har moglegheit til å spele ein viktig rolle. Det er viktig at ein ikkje bruker ressursar på å etablere berre nye løysingar, men både styrkar og stiller klare forventningar og krav til eksisterande tilbod. Vi saknar generelt må- og skal-formuleringar framfor «Riksantikvaren ynskjer» -formuleringar. Statlege institusjonar som universitetssektoren bør det kunne stillast krav til. Eksisterande samarbeid må formaliserast, og det må stillast klare krav slik at det til dømes ikkje kan vere opp til kvar enkelt fylkeskommune å fylgje opp tradisjonshandverket i ein læreplan som allereie oppnar for dette.

Fleire viktige aktørar er trekte fram, men vi saknar museumssektoren, som med si desentraliserte plassering, kompetanse og rolle i både kulturmiljøforvaltninga og lokalsamfunna har potensiale for å spele ei mykje større rolle òg innanfor utdannings- og kompetansefeltet. Dette har vi gode erfaringar med gjennom Innlandsmodellen.

Enkelte museum har i tillegg særleg ansvar for nasjonale minoritetar, slik som Norsk skogfinsk museum. Museet kunne gjerne spelt ei større rolle i formidling, opplæring og utdanning i skogfinsk tradisjonshandverk, men med stramme rammevilkår er det svært utfordrande for slike museum å ta denne rolla. Utan gode rammevilkår for slike miljø er det utfordrande å sjå for seg korleis kompetanse for å kunne teke vare på nasjonale minoritetars kulturarv skal sikrast.

Riksantikvaren trekkjer òg fram eit forslag frå utgreiinga av tilbodsstrukturen for dei verneverdige faga, om å flytte ansvaret for fag med få elevar og lærlingar til nasjonalt nivå. Dette er eit forslag vi støtter. Utfordringane med å få nok lærlingeplassar gjeld alle fag. Mykje av dette er knytt til utfordringar med finansiering, men noko av risikoen små og mellom store bedrifter opplever kan ein kanskje løyse ved å sjå på ulike formar for samarbeid.

Eit tettare samarbeid kan òg vere verd å sjå på for fagskulane, slik at vi kan sikre at det på landsbasis finst tilbod innan dei fleste fag, og/eller at regionane kan samarbeide om ulike modular.

### *Satsing 2: fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminne og kulturmiljø*

Vi ber Riksantikvaren sjå på formuleringar under dette punktet. Slik det er formulert no kan det lesast som at tilskota i større grad skal brukast til å få fleire bedrifter til å ta oppdrag på kulturminne og kulturmiljø. Dette kan vere viktig, men i fyrste omgang meiner vi ein bør jobbe for å sikre at tilskot og vilkår er rigga på ein måte sikre føreseieleg arbeid for dei med kompetanse. Før ein prøvar å få tak i fleire bedrifter bør ein sikre stabilitet for dei vi allereie har.

Vi er ellast einige i mykje av det som står under denne satsinga, men som under satsing 1 kunne det vore positivt om ein òg her trekkjer fram viktige aktørar som må samarbeide for å kome vidare.

Strategien trekkjer fram behovet for ein betre kopling mellom marknaden og bedrifter, og at dette henger saman med kompetanse hos den som bestiller. I Innlandet har vi gode erfaringar med at rådgjevarane i musea bidreg inn i dette. Dette vil bli endå viktigare dei komande åra, med tanke på midlane som skal inn i arbeidet med å restaurere kyrkjene. Den manglande regionale rolla inn i forvaltninga av kyrkjane, vil bety at kompetansen vår i liten grad vil vere til stade for kyrkjeverger og fellesråd. Gode koplingar mellom handverksstrategien og kyrkjeløftet er viktig, og ein bør vurdere om denne strategien i endå større grad bør adressere utfordringane knytt til den manglande kapasiteten i handverksnæringa. I denne samanhengen bør ein kanskje sjå konkret på utfordringane knytt til at regionalforvaltninga ikkje har den same tydelege rolle for kyrkjane, og dermed ikkje kan bidra med å sikre gode koplingar og rett kompetanse til oppdraga.

### *Satsing 3: Erfaringsbasert kunnskapsutveking og forskning skal styrkast*

Dette er eit viktig felt, og eit felt som krev langsiktig arbeid og utveking av system slik at ikkje opparbeid kompetanse forsvinn etter kvart prosjekt. Det må leggjast til rette for at forskning faktisk leiar fram til meir kunnskap og at ein har ein plan for kontinuitet og akademisk kvalitet. Kanskje kan ein òg sjå på om det kan vere mogleg å stille krav til forskning gjennom tilskot, men det er då viktig at dette skjer i prosjekt som er fullfinansierte.

Strategien trekkjer fram kor viktig det er med kompetanse på og tilgang til materiale av god kvalitet. I Innlandet har vi dei siste åra jobbe med eit prosjekt knytt til kvalitetsvirke, i samband med prosjektet Bevar bygg – bevar klima. Vi arbeider no vidare med ein rekkje satsingar for å fylgje opp dette prosjektet i samarbeid med både utdanningsinstitusjonar og næringa. Sjå resultat frå prosjektet her: <https://innlandetfylke.no/tjenester/kulturarv/kulturarv-og-klima/skogsressurser-og-kvalitetsvirke-for-trehus/>

Vi vil til slutt ønskje lykke til i det vidare arbeidet med å utarbeide ein handlingsplan. Innlandet fylkeskommune bidreg gjerne i vidare diskusjonar ved behov.

Med vennleg helsing

Torill Skillingsaas Nygård  
Seksjonssjef Bygg og landskap

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

..

